



Opplæringskontor og lærebedrifter

Dato: 07.09.2017  
Vår ref.: 2017/15247-1  
Saksbehandlar: sigset1  
Dykkar ref.:

## Eksamen for lærlingar

### Lærlingar med 1 eller ikkje vurdering i eit programfag og tverrfagleg eksamen

Våren 2017 kom det ein presisering frå Utdanningsdirektoratet om regelverket for dei som har vore elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Presiseringen inneber at elevar med 1 i eit programfag som inngår i tverrfagleg eksamen, må gå opp til særskilt eksamen i programfaget. Dersom dei stryk på særskilt eksamen, kan dei gå opp som privatist i det aktuelle programfaget. Tverrfagleg eksamen vert ikkje påverka.

Dersom dei ikkje tek særskilt eksamen, må dei følgje privatistordninga i faget, [altså ta eksamen i alle programfaga og tverrfagleg eksamen.](#)

Lærlingar med IV i eit programfag som inngår i ein tverrfagleg eksamen, vil få den tverrfaglege eksamen annullert. Eleven vil måtte ta eksamen i alle programfaga og den tverrfaglege eksamenen for å bestå.

Det er viktig at opplæringskontor/lærebedrifter informerer dei aktuelle lærlingane om dette.

Vi minner og om fristen for oppmelding til privatisteksamen, som er 15. september for eksamen i haust.

(Frist for eksamen til våren er 1. februar, det blir åpna for påmelding frå 15. januar)

Lærlingen sjølv melder seg på til eksamen på [www.privatistweb.no](http://www.privatistweb.no).

Lærlingar som følgjer hovedmodellen må ha bestått alle programfag og eventuell tilhørende, tverrfaglege eksamener før dei kan ta fag- /sveineprøve.

Eksamen på VG3-nivå (xxx3102) kan ikkje erstatte programfag eller tverrfagleg eksamen på VG2-nivå.\*)

(Dette gjelder ikkje for lærlingar med full opplæring i bedrift, dei må ta xxx3102 som før.) \*)

Eventuelle spørsmål kan rettast til Henning Galtung på [Henning.Galtung@hfk.no](mailto:Henning.Galtung@hfk.no) eller Oda Strøm Oksholm på [Oda.Strom.Oksholm@hfk.no](mailto:Oda.Strom.Oksholm@hfk.no).

\*) Andre koder gjeld for avviksfaga (dei fleste faga innan elektro, samt anleggsmaskinmekanikar- og børsemakerfaget)

Torbjørn Mjelstad  
fagopplæringssjef

Signe Sætre  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*